



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
16/01701-2

ARK. Forvaltningsarkivet
822.2

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
05.10.2016

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Ferjelaget Skånevik
Hamnegata 22
5411 STORD

v/ Øyvind Særsten

LLVX - M/F Skånevik - tilskot frå statsbudsjettet 2016 kapittel 1429 post 74

Riksantikvaren syner til Dykkar søknad datert 26. august 2016 om tilskot til M/F «Skånevik» for å etablere delelager for verna farty. Vi har gått gjennom søknaden og finn at den oppfyller gjeldande vilkår.

Vi ber om at heile teksten i dette brevet og i vedlegga vert lesen. Tilskotet kan berre utbetalast dersom dei gjevne fristane er haldne og vilkåra etterlevde.

VEDTAK:

Riksantikvaren gjev med dette eit tilskot frå statsbudsjettet 2016 kap. 1429 post 74 på inntil

kr. 230 000,-

Tilskotet skal dekke følgjande kostnader, slik desse kjem fram av søknaden:

| Tiltak | Søknadssum | Tilskot 2016 |
|--|----------------|----------------|
| Sikring av delar frå M/F «Bjørnefjord» | 230 000 | 230 000 |
| Total | 230 000 | 230 000 |

Grunngjeving

M/F «Skånevik» er eit freda farty som skal vernast i operativ stand. Mange viktige komponentar er ikkje lenger i handel og vil vere svært kostnadskrevjande å produsere på ny. Dette gjeld maskineri, drivline og tekniske komponentar, men også utstyr som teakdører, ventilar, vaskeservantar, møbler og anna innreiing.

Systerferja M/F «Bjørnefjord» frå 1962 skal no hoggast opp, noko som representerer ein siste muligheit til å sikre ei stor mengd relevante delar som særskild vil høve på den freda M/F «Skånevik» og den verna M/F «Hardingen sr.». Ein del komponentar vil også kunne nyttast av andre verna farty frå same periode. Dette er difor eit tiltak som kan kome mange av dei verna fartya til gode og bidra til å halde desse operative.

Nærare om bruken av midlane

Riksantikvaren stiller følgjande vilkår til bruken av midlane:

- Det skal sikrast så mange delar som råd. Dette gjeld særskild maskinanlegg og drivline, pumper, hovudstraumtavle og anna tekniske komponentar frå maskinrommet og tilhøyrande utstyr på brua så som manøversøyler og styremaskin.
- Det skal også sikrast detaljar frå innreiinga, så som vaskeservantar med kraner og vasslås, spyleventilar, wc, dører, bord og sitjemøblar frå salongar og lugarar, kondenskoppar under ventilane, beslag, lysventilar, skilt og elektrisk armatur.
- Av utvendes utstyr vil Riksantikvaren særskild nemne davitar, teakrekker, teaktrapper og handtre, lyskastar og ventilatorar på skott og tak.
- Delane som vert sikra skal vere tilgjengeleg også for andre verna eller freda farty etter «sjølvkostprinsippet», der dei reelle kostnadene med lagring og ikkje den opne marknaden avgjer prisen ved sal til verna eller freda farty.
- Når delane er sikra og sorterte ber Riksantikvaren om at det vert oppretta kontakt med delebanken (<http://www.delebanken.no/>) slik at deler som ikkje er reserverte «Skånevik» og «Hardingen sr.» vert lettare tilgjengeleg for den verna flåten.
- Riksantikvaren skal ha eit oversyn over dei delane som vert sikra.

Dersom det oppstår tvil om planlagde tiltak eller utføring vil vere i tråd med antikvariske retningslinjer eller retningslinjer for dette tilskotet, skal det takast kontakt med Riksantikvaren. Dersom retningslinene ikkje vert følgde kan konsekvensen bli at tilskotet ikkje vert utbetalt.

Utbetaling av tilskot

Utbetaling av tilskot skal skje på bakgrunn av vedtak om tilskot, sjå spesifiseringa i tabellen over. Riksantikvaren kan først utbetale tilskotet når eigar av fartyet har motteke eit krav.

Utbetaling av tilskot til istandsetting skjer på bakgrunn av ei oppmoding om utbetaling frå tilskotsmottakar. Oppmoding om utbetaling skal innehalde følgjande:

- kortfatta rapport, med tekst og foto, om kva som er utført
- oversikt over kostnadene
- kopi av mottekne faktura

Riksantikvaren utbetalar nøyaktig den summen som fakturaene lyder på, og utbetalinga skjer så nær tidspunktet for oppgjer som råd. Riksantikvaren tek etterhald om å kunne halde attende heile eller delar av tilskotsbeløpet fram til endeleg rapport med sluttrekneskap er motteke.

Rapportering og revisorattestasjon

Etter at prosjektet er avslutta, skal det sendast rekneskap og sluttrapport. Frist for rapportering for tilskot i 2016 er 15. januar 2017.

Av rapporten skal det gå klårt fram korleis arbeida/tiltaket/prosjektet vart gjennomført, og om måla er nådde. Rapporten skal innehalde:

- skildring av det som er utført
- foto teke før, under og etter dei utførte tiltaka
- regnskap med oversikt over mottatte faktura

Rapporten skal innehalde opplysingar om samla finansiering spesifisert på:

- Riksantikvaren (kapittel 1429 post 74).
- Andre departement eller direktorat.
- Tilskot frå kommune eller fylkeskommune.
- Anna finansiering (spesifisert).
- Eigeninnsats/eigen finansiering.

Før Riksantikvaren har motteke rapport frå utførte arbeid vil ikkje nye søknader frå farty som har fått tilskot blir handsama ferdig.

Dersom tilskotsmottakar er tilknytt revisor, og tilskotet er på **kr. 300 000 eller meir**, skal tilskotsmottakar også sende inn revidert årsrekneskap. Rekneskapen skal vere signert av tilskotsmottakar, eventuelt av styret.

Det vert også kravd ein **særskild attestasjon** frå revisor på prosjektregnskap og eventuelle timelistar knytt til arbeidet/tiltaket/prosjektet.

Unnateke frå dette kravet er institusjonar/organisasjonar som nyttar kommunerevisjon eller anna offentlig revisjonsorgan.

Dersom tilskotet er **under kr 300 000** skal tilskotsmottakar sende inn eit rekneskapsoversyn for arbeidet/tiltaket/prosjektet. Regnskapsoversynet skal være signert av tilskotsmottakar, eventuelt av styret.

Utan omsyn til storleiken på tilskotet kan Riksantikvaren krevje å få kopiar av bilaga til rekneskapen.

Retningsliner og vilkår

Vedlagt følgjer skrivet *Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet*. Mottakar skal gjere seg godt kjend med innhaldet. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget vert akseptert og etterlevd.

Informasjon om høve til å klage

Vedtaket kan klagast inn til Klima - og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre – 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen (e.f.)
seksjonssjef

Erik Småland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Kopi til: Arne Glenn Flåten/ Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga,
Postboks 7900, 5020 BERGEN/ Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kulturavdelinga, Postboks
173, 6801 Førde

| Kontering ved tilskot og tilsegn: <i>(for intern bruk hjå Riksantikvaren)</i> | | | |
|---|------------------|-------------------------|-----------------------------------|
| Konto: 8719 | Koststad: 492 | Innsatsnr: | Tilskotsnummer: 160738 |
| Beløp: 230 000,- | | VP (res mål): 160200 | Merknad: M/F «SKÅNEVIK» - LLVX |

